

Naturleg nok. Om naturlegheit og sosial variasjon og i norsk scenespråk på 1900-talet

Denne avhandlinga undersøker korleis scenekunstnarar medvite nyttar språkets sosiale og kunstnarlege funksjonar for å skape fiksjon i teateret, og korleis det som kan omtalast som ein naturlegheitskonvensjon, kjem til uttrykk i scenespråket i åtte framsyningar i perioden 1937–1999. Døma er henta frå Nationaltheatret, NRK radio og NRK fjernsynsteateret, og står alle innanfor tradisjonen til ein norsk psykologisk-realistisk spelestil.

Det tverrfaglege prosjektet kombinerer teatersemiotisk analyse med sosiolingvistiske undersøkingar av sosial språkleg variasjon – gjennom å sjå på bruk av språklege variablar, indeksikalitet og registerdanning i språket. Analysane er gjort av framsyningsopptak og ser på korleis utvalde språklege verkemiddel bidreg til å bygge karakter og miljø i fiksjonen. Dei same verkemidla blir diskutert opp mot korleis scenespråk verkar naturleg, røyndnært og truverdig for publikum i eiga samtid.

I framsyningsmaterialet kjem det fram korleis skodespelarane i all hovudsak snakkar likt kvarandre – relativt bokmålsnært og gjerne med austnorsk aksent. Sosial språkleg variasjon kjem oftast til uttrykk gjennom bruk av lett attkjennelege språklege markørar heller enn ein gjennomgåande stil (register). I løpet av ein 70-årsperiode går scenespråket frå å ha eit snev av deklamatorisk ideal, til å bryte opp gjennomkomponerte setningar og ha mindre fokus på diksjon. Kvar framsyning har sine strategiar for å få scenespråket til å verke autentisk og tett på kvardagsspråk, og verkemiddel som får språket til å verke spontant, endrar seg gjerne frå eit tiår til det neste. Eg finn at ein ikkje kan snakke om ein akkumulerande bruk av naturlegheit i norsk scenespråk, men snarare ei stadig endring i kva spontane og røyndnære trekk som blir vektlagde.

Dei seinare åra har det vore gryande interesse for planlagt språk innanfor sosiolingvistik, og for funksjonen til det talte scenespråket i teatervitskapen. Det er likevel gjort lite systematisk forskning på norsk scenespråk, og dette bidraget er det første empiriske arbeidet av sitt slag. Avhandlinga er eit bidrag til vår kunnskap om og forståing av naturlegheitskonvensjonen, utviklingslinjer i norsk psykologisk-realistisk spelestil, og framhevar scenespråk som historisk kjelde til sosial variasjon.